

Alver Kommune  
 v/byggesak  
 att: Anne Lise Molvik  
 Postboks 4  
 5904 Frekhaug

Dykker ref: **SAK: 21/1015**

Knarvik, 10.02.2022

#### VISJON:

HEILSKAP  
 OG KVALITET

Osterfjordv.124  
 5914 Isdalstø

Org.nr :  
 982 231 345

epost: post@  
 reigstadbygg.no

heimeside: [www.reigstadbygg.no](http://www.reigstadbygg.no)

Dagleg leiar:  
**Geir Reigstad:**  
 92 60 82 35  
 geir@  
 reigstadbygg.no

#### Bygg

Fagleg leiar:  
**Håkon Reigstad**  
 92 50 82 36  
 hakon@  
 reigstadbygg.no

Fagleg leiar  
 byggesak og  
 prosjektering:  
**Kjell Reigstad**  
 97 74 79 64  
 kjell@  
 reigstadbygg.no

Teikning  
 Prosjektering,  
 Byggesak  
 Nybygg  
 Tilbygg  
 Bustad  
 Garasjar  
 Hytter

#### Entreprenør

Fagleg leiar  
**Rolf Reigstad**  
 90 03 97 61  
 rolf@  
 reigstadbygg.no

Graving,  
 Boring  
 Sprenging  
 Transport  
 Støyping  
 Natursteins  
 Muring  
 Uteareal  
 Grøntareal

### Utgreiing og vurdering av bruksløyve/ferdigattest for bustad 5, Kubbaleitet. Me viser og til samtale i førehandskonferanse 20.jan. 2022

Det skal snart sendast inn søknad om bruksløyve/ferdigattest for bustad 5, (bygg 1 på område BB2 sak: 21/1015). I løvye er det sett ulike vilkår, mellom anna til bruksløyve for VVA og at rekkefølgekrav skal vere oppfylte. Av ulike årsaker er det nokre element som vi ikkje greier å oppfylle fullt ut innan innflytting som er sett til 15. mars 2022.

Vi har ikkje vore bort i denne problemstillinga tidlegare og ber om råd og samarbeid med kommunen i høve framgangsmåte, slik at beburarane vert sikra innflytting til nemnde dato.

#### Bygg 5- det vil ikkje vere attståande arbeid i høve bygget

Hovudtrekka her er at søknad om bruksløyve for tilknytt VVA (sak: 20/7972) vert sendt inn i same periode som bruksløyve for bygg 5 og at rekkefølge knytt til o\_Gv2 i Tuftamyra ikkje vert ferdigsstilt og ønskast utsett 3mnd til 15. juni. Vidare gjer dette at leikeplass f\_L8 og delar av kyststi og lyt utsetjast pga arbeid med gangvegen, men og pga pågående byggeaktivitet på bygg 6 og 7. Detaljer følgjer.

#### Vilkår i byggeløyve

1. Godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentleg VA anlegg
2. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget, i sak 20/7972.
3. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkjørsle i sak 20/7972.
4. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for godkjent planering i sak 20/15902.
5. Rekkefølgekrav i reguleringsplan skal være oppfylt.
6. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.

## **Utgreiing**

1. *Godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentleg VA anlegg*

Vert ein del av søknad/bruksløyve bustad 5-

## **Vert innsendt veke 7**

2. *Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget, i sak 20/7972.*

3. *Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkjørsle i sak 20/7972.*

## **Vert sendt inn i veke 7**

4. *Ferdigattest/mellombels bruksløyve for godkjent planering i sak 20/15902.*

## **Er sendt inn (Veke 6)**

5. *Rekkefølgjekrav i reguleringsplan skal være oppfylt.*

**Her er det nokre utsetjingar sjå detaljar under.**

6. *Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.*

Vert ein del av søknad/bruksløyve bustad 5-

## **Vert innsendt veke 7**

### **Detaljar i høve 5. Rekkefølgjekrav i reguleringsplan skal være oppfylt.**

Med første bygg på område BB2 utløyser dette ein del «nye» rekkefølgjekrav. Vi ser at vi ikkje greier å oppfylle alle desse innan innflytting som vil vere 15. mars 2022.

#### **Dette gjeld i hovudsak:**

- A. Gangveg o\_Gv2 ut i tuftamyra
- B. Leikeplass f\_L8 i same område
- C. Delar av kyststi i same område.
- D. Kryss o\_V4- o\_V3 (det kan gå ved rask byggesak)

Dei fleste av punkta (A/B/C) gjeld område rundt gangveg ved Tuftamyra og vil ligge ligg i motsett ende av bygg 5. At ein må vente ca 3 mnd på desse områda er av liten betydning for totalen i planen, og at 3 mnd er ei kort tid.

Vi ser det at i høve gjennomføring og HMS både for arbeidarar og brukarar at det ikkje er fornuftig å opna for «publikum» før området her er heilt ferdig.


Ved kryss o\_V4 står det att ca 5m2 i høve opparbeidning av svingradius. Dette eit punkt som vi har fått utsett fram til no og er heilt ubetydleg for bustad 5 eller andre. (ingen nyttar svingen pr. i dag).

### Grunngjeving,

- A. Gangveg o\_Gv2  
Manglande byggeløyve i sak 21/8185  
(søknad innsendt 23.09, mangelbrev 03.12, supplerande innsendt 09.12)
- B. Leikeplass f\_L8 i same område- ein treng lengre tid på å ferdigstille dette pga grunnarbeid som skal gjerast i pkt. A, samt grunnarbeid for bygg 6 og 7 på BB2 som må kome lengre før ein kan ordne til leikeplassen, og ta denne sikkert i bruk.
- C. Kyststi i same område, same argument som i pkt.B, samt grunnarbeid rundt bygg 6 og 7 gjer det lite hensiktsmessig no å gje tilgang til publikum i denne delen av feltet.
- D. Kryss o\_V4- o\_V3  
Vi har hatt dialog med vegavdelinga om å behalde krysset slik det er i dag. Vi har nyleg fått avklart at svingradius i samsvar med reguleringsplan (ca 5m2) lyt utførast.


### Framdrift og ferdigstilling.

A/B/C Området ved gangsti Tuftamyra og ved bygg 6 og 7  
Vert oppstart av arbeidet så snart det ligg føre byggeløyve.  
Ferdigstilling av pkt. A/B/C ca 15. juni. (3 mnd utsetting)



#### D) Kryss o\_V3/o\_V4

Krysset har (alltid) vore i bruk då dette er veg til gamlefeltet i Kubbaleiet. I høve utføring i samsvar med reguleringsplan, manglar det svingradius mot kubbaleitet.



Mest sannsynleg har ikkje tidlegare byggesaker omfatta o\_V4 (sjølv om det er vist på alle teikningar og det er utført slik: kjelde: Haugen VVA). Vi er kome til at Haugen VVA sender inn ny byggesak på o\_V4 i vike 7. Utføringa i høve dei siste 5m2 tek om lag 1 dag. Ved rask byggesakshandsaming vil vi vere ferdig med dette til 15.mars. Alternativt vert det noko utsetting, 1-3 veker seinare enn 15.mars

#### Oppsummering

Vi vil ikkje greie å gjennomføre nokre av rekkefølgekrava som skreve over. Vi vurderer ingen av desse som kritiske for bruken av bygg 5 eller andre innan planen. Utsetjinga vil vere ca 3mnd, som er ei kort tid.

Vi ber om dialog med kommunen om korleis vi skal gå fram. Trengs det dispensasjonar eller er denne vurderinga her god nok i høve «søknad»?

Ta gjerne kontakt med oss på tlf 977 47 964 eller epost: kjell@reigstadbygg.no

Med vennleg helsing  
For Reigstad Bygg og Eigedom as

Kjell-A. Reigstad

Vedlegg: Situasjonsplan; status rekkefølge